# Kystsoge vekene 2009

8. august til 13. september



## *Stormønstring av kystkultur*

Stiftinga Kystsogevekene

Kystkultur - tradisjon og utvikling...

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Kystsogevekene 2009



Det er hyggeleg å ønskje velkomen til 5 veker der kystkulturen i alt sitt mangfald står i fokus.
Kystsogevekene er eit samarbeid mellom 20 kommunar og Hordaland Fylkeskommune, og det er 13. året dei vert arrangert.

Programmet dette året er fyldigare enn vanleg og tel over 190 arrangement. Det betyr at nye program og aktivitetar er komne med i tillegg til dei meir eller mindre faste postane. 2009 er Kulturminneåret, og engasjementet for kulturminne kjem også fram av Kystsogevekene sitt program, i form av føredrag, vandringar eller andre aktivitetar.

Kystkulturen er i stadig utvikling, og Stiftinga Kystsogevekene ser det som viktig å ta vare på tradisjonane og samstundes innarbeide den moderne kystkulturen i kystsogevekene.
Å nyte utfordringar og stille nærleik til sjøen i kajakk er eit godt eksempel på ein moderne kystkultur som aukar i omfang. Dette vert også avspegla i dei mange kajakk-klubbane som viser seg fram under kystsogevekene.

Kystsogevekene vil alltid vere på leit etter kystrelaterte tiltak som gir aukande folkeaktivitet, for nokre av måla med denne årlege mønstringa av kystkulturen er at

folk skal møtast,
dei skal dele opplevingar saman,
knyte band til kysten og kysttradisjonar,
styrke identiteten.

**Gje deg tid til å studere programmet, og unn deg tid til å delta ! Vel møtt til hyggelege og interessante opplevingar !**

STIFTINGA KYSTSOGEVEKENE

Bjørn Myhren
styreleiar

## Innhald


| | | | |
|---|---|---|---|
| **Austrheim** | side 6 | **Fedje** | side 16 |
| **Fitjar** | side 7 | **Fjell** | side 17 |
| **Meland** | side 8 | **Bergen** | side 18 |
| **Masfjorden** | side 9 | **Øygarden** | side 19 |
| **Os** | side 10 | **Lindås** | side 20 - 21 |
| **Stord** | side 11 | **Bømlo** | side 22 -23 |
| **Sund** | side 12 | **Radøy** | side 24 |
| **Sveio** | side13 | **Gulen** | side 25 |
| **Askøy** | side 14 | **Osterøy** | side 26-27 |
| **Austevoll** | side 15 | **Tysnes** | side 28 |

# Fonnesdagen – Offisiell opning av Kystsogevekene 2009
# Laurdag 8. august kl 12.00









Fiskeri- og kystminister Helga Pedersen opnar den store mønstringa Kystsogevekene 2009 på Fonneskaien. På Fonnesdagen friskar ein opp gamle tradisjonar og band mellom menneske. Dette er *Dagen dar folk møtest*, pratar og deler opplevingar. Fonneskaien vil yre av liv og aktivitetar, underhalding, musikk, talar og båtar. Også i år set me fokus på gamle mattradisjonar og korleis folk langsmed kysten har levd opp gjennom tidene. Gamle handverk vert demonstrert og fiskereiskap vert stilt ut, og dessutan får du sjå ei utstilling av bilete frå gamle dagar. Redningsskøyta og slepebåt ligg på vågen, brann-bilen kjem og du får m.a. sjå bøting av garn, klinking av båt, og knivlaging. Tempoklubben er på plass saman med snutebussen. Til og med villsau vil du møte, og du kan smake på eit utval av sild.
Det vert høve til å kjøpe rømmegraut, stompekake og fiskesuppe.

## Med fjordabåt til åpninga - Den Indre Farleia og Nordhordlandshalvøya

DS Oster og MS Granvin vil gå frå Bergen og Bjørsvik til den offisielle opninga på Fonnes i Austrheim.
Det er høve for å få seg ein rundtur med båt og veteranbuss.
**M/S Granvin**, frå Bergen kl. 08.00, frå Salhus kl. 08.50, til Fonnes kl. 11.45,
Frå Fonnes kl. 14.00, til Sævråsvåg kl. 15.15.
Veteranbuss til Salhus kl. 16.15. Veteranbuss til Bergen kl. 16.45
**D/S Oster**, frå Bjørsvik kl. 08.00, frå Knarvik kl. 09.00,til Fonnes kl. 11.45
Frå Fonnes kl. 14.00 til Sævråsvåg kl.15.15
Veteranbuss til Knarvik kl.16.00. Begge båtane kjem til Nesbø kl. 16.00
Takstar for rundturen båt, kystsogearrangement på Fonnes og veteranbuss frå Sævråsvåg:
Frå Bergen / Bjørsvik kr. 300.- / Frå Salhus / Knarvik kr. 250.-. Barn kr. 100.- Billettar ved ombordstigning.

# Kalender for Kystsogevekene 2009

Sjå på kommunen for meir info

**Kystsogedagen i Kvalvåg - Austevoll 2. august**

**8. august**
Offisiell opning av Kystsogevekene 2009: Fonnesdagen - Austrheim
Med fjordabåt til åpninga - Bergen/Lindås/Austrheim
Fjordtur frå Nesbø med D/S Oster og M/S Granvin - Lindås
Miss Saigon - Bømlo

**Sundag 9. august**
Fellestur for M/S Granvin og D/S Oster - til Furnes og Skjerjehamn - Lindås/Austrheim/Gulen
Utstilling om Ingvald O. Eidsheim og Hitra - Lindås
Miss Saigon - Bømlo

**Måndag 10. august**
Segl Vestlandet med Seladon - Fitjar

**Tysdag 11. og 12. august**
Miss Saigon - Bømlo

**12. august**
Havsportveka 12-16. august - Austrheim

**Torsdag 13. august**
Vestkystfestivalen: Lill Lindfors - Fjell
Miss Saigon - Bømlo

**Fredag 14. august**
Miss Saigon - Bømlo

**Laurdag 15. august**
Ta sjansen! i Eivindvik - Gulen
Kraftspela 2009 - Masfjorden
Opning av kystsogevekene på Radøy
Opning av Kystsogevekene i Os
Fiskefestival - Fitjar
Brandasundsdagane - Bømlo
Miss Saigon - Bømlo
Solstråleøyas dag - Tysnes

**Søndag 16. august**
Utstillinga "Tråd i Tonar" og konsert - Masfjorden
Omvising i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling - Masfjorden
Kraftspela 2009 "Sleirsfjellet opp" - Masfjorden
KulTURpadling - med kajakk - Austrheim
Utstilling om Ingvald O. Eidsheim og Hitra - Lindås
Brandasundsdagane - Bømlo
Miss Saigon - Bømlo
Fyrjazz på Ryvarden - Sveio

**Torsdag 20. august**
Open kyrkje på Bruvik - Osterøy

**Fredag 21. august**
Mjølsdalsdagane: Unge musikarar - unge tonar - Osterøy
Hordakyststevne under Strusshamnsdagene - Askøy
Kystsogehelg i Bekkjarvik - Austevoll
Himmel og Hav – ei helg i havgapet: Frodig Fredag - Bømlo
Save the last dance og dansegalla - Tysnes

**Laurdag 22. august**
Open dag i Sellevåg treskofabrikk - Gulen
Sjømat på kaia! - Gulen
Kraftspela 2009 Marknads- og aktivitetsdag på Matre.
Hellbillies - Masfjorden
Torgdag på Fedje
Tema: U864 - Fedje
Heimalanne' - Fedje
Mjøsdalsdagane - Osterøy
Vestkystfestivalen: Dance With A Stranger, Kystmuseet - Øygarden
Hordakyststemne under Strusshavnsdagane - Askøy
Langøymarknaden - Fjell
Kystsogehelg i Bekkjarvik - Austevoll
Halfdan Sivertsen i "Hengjo" - Austevoll
Himmel og Hav - ei helg i havgapet: Lystig Laurdag - Bømlo
Vassportdag - Øygarden

**Søndag 23. august**
Kraftspela 2009 - Masfjorden
Bjørn West-marsjen - Masfjorden
Friluftsgudsteneste - Fedje
Nyopning av Strilamuseet – Lindås
Utstilling om Ingvald O. Eidsheim og Hitra - Lindås
Kveldskonsert - Radøy
Mjøsdalsdagane - Osterøy
Hordakyststevne under Strusshamnsdagene - Askøy
Herdladagen - Askøy
Båtrute med M/S Vestgar frå Meland og Øygarden til Herdla
Førestillinga «Audslegt rop mot bratt fjell» - Askøy
Langøymarknaden - Fjell
Kvalfestival i Kvalvåg - Sund

Kystsogehelg i Bekkjarvik – Austevoll
Havkonsert på Marsteinen fyr - Austevoll
Håkonarseilasen - Stord og Fitjar
Himmel og Hav - ei helg i havgapet: Solskinns søndag - Bømlo
Slåtterøy Fyr 150 årsjubileum - Bømlo

**Fredag 28. august**

Periferifestivalen - Sund
Langevågdagane - Bømlo

**Laurdag 29. august**

Tur i fiskarbonden sitt rike - Krossøy - Austrheim
Kystsogedagane i Meland - Meland
Båtrute M/S Granvin - Kystsogedagane i Meland - Bergen/Askøy/Meland
D/S Oster båtrute i Herdlafjorden - Meland
Periferifestivalen - Sund
Oselvarfestival og Bondens dag - Os
Vervadagen - Stord
Kystsogevekeutstilling - Bømlo
Langevågdagane - Bømlo
Heimalanne' i Sjøhuset i Buavåg - Sveio

**Søndag 30. august**

Mellomalderdag på Lyngheisenteret – Lindås
Utstilling om Ingvald O. Eidsheim og Hitra - Lindås
Kulturminneåret - Radøy
Kystsogedagane i Meland
Rita Eriksen m/trio - Meland
Kulturhistorisk vandring - Osterøy
Samferdsledag - Bergen
Kyststemne i Trellevik - Sund
Tur i Nordsjøløypa - Sund
Vervadagen - friluftsgudsteneste og kyrkjekaffi - Stord
Langevågdagane Kyrkjekonsert - Bømlo
Rutebåtar i Sveio – Sveio

**Måndag 31. august**

Kvardagsliv på Bogatunet – Radøy

**Tysdag 1. september**

Kvardagsliv på Bogatunet - Radøy

**Onsdag 2. september**

Tur og konsert i Lyngheisenteret – Lindås
Kvardagsliv på Bogatunet - Radøy
Opplevingsdagar i Moster Amfi – Bømlo

**Torsdag 3. september**

Opplevingsdagar i Moster Amfi – Bømlo

**Fredag 4. september**

Trolldom, musikal – Osterøy
Opplevingsdagar i Moster Amfi – Bømlo
Kanaldagane 2009 - Bømlo

**Laurdag 5. september**

Dansegalla Radøyhallen - Radøy
Trolldom, musical - Osterøy
Mgp.jr.-stjernene Celine & Malin - Osterøy
Sandviksdagene - Bergen
Open dag ved Sunnhordlandstunet - Stord
Kanaldagane 2009 - Bømlo
Landbrukets dag - Sveio

**Søndag 6. september**

Motorsamlinga - Radøy
Utstilling om Ingvald O. Eidsheim og Hitra - Lindås
Trolldom, musikal - Osterøy
Kongskafé – Valestrandsfossen - Osterøy
Sandviksdagene - Bergen
Notkast i Kjereidet - Sund og Fjell
Vandring i Nordsjøløypa. Telavåg og Fjell til Kjereidet - Sund og Fjell.
Langøy Kystkultursenter, sesongavslutting - Fjell
Kanaldagane 2009 - Bømlo
Tittelsnes fort under okkupasjonen - Sveio
Utstillingsopning på Ryvarden kulturfyr - Sveio

**Måndag 7. september**

Fjellklatring i Hjellvik - Osterøy

**Tysdag 8. september**

Opptur - Bruviknipa - Osterøy
Seniordans på Grønskaret - Osterøy

**Onsdag 9. september**

Viltmøte - Radøy
Dråpar av filosofi - Osterøy

**Torsdag 10. september**

Pysjamasdisko i Mjeldalen - Osterøy
Hagevandring - Osterøy
Tur på folkestien - Osterøy

**Laurdag 12. september**

Ope hus i Mjedlasmia - Osterøy
Open dag i Koppen - Osterøy

**Søndag 13. september - Kulturminnedagen**

Gulen fiskarbondemuseum, sesongavslutning - Gulen
Vassbruksmiljødag og stølstur - Gulen
Utstilling om Ingvald O. Eidsheim og Hitra - Lindås
Kulturminnedagen på Osterøy museum - Osterøy
Kulturvandring langs Loneelva - Osterøy
Heimalanne' i Herlandsfoss gamle kraftverk - Osterøy
Fjorden, båten og kyrkja - Hamre kyrkje – Osterøy
Utekonsert/turmarsj i Smøiatun – Osterøy
Familedag på Kystmuseet – Øygarden
Kulturminnedag i Fjell – Fjell
Selstøbuene - frå notbu til hytteparadis - Sund
Kulturminnedagen - Ei historisk vandring gjennom Osøyro - Os
Sinkbøtta og dei gamle skulehusa - Tysnes
Kulturdag på Valevåg ferjekai - Sveio

# ıustrheim

### :trheim

:trheim kommune – folketal om lag 2600 – ; nordvest i Hordaland, Noregs vestlegaste tlandspunkt, Vardetangen, ligg i Austrheim. På tur gjennom kystlandskapet ser ein mange spor ɜr utviklinga som har gått føre seg i kyststroka r-Noreg. Her er buplassar frå steinalder, tufter vikingtid og mellomalder, steingardar og sjøhus førre århundre og dessutan oljealderen sine ;tekniske installasjonar.

ɜeliv sjå www.visitnordhordland.no



# ²rogram

**onnesdagen - Kystsogevekene 2009**
**ffisiell opning 8. august kl 12.00**
et vert liv og røre på kaien og noko for både ng og gamal, med rømmegraut, stompekake g fiskesuppe. Smaksprøver på eit utval av sild. amle handverk vart demonstrert og fiskereiskap ar stilt ut. Fonnesdagen er også Dajen dar folk ıøtest.
onnesdagen 2009 vert det kan hende ekstra ıange folk som møtest sidan Kystsogevekene 009 si offisielle opning vert lagd til Fonneskaien. iskeri- og kystminister Helga Pedersen vil stå for en offisielle opninga.

**avsportveka 2009**
**2. -16. august**
avsportveka femner om ei rekkje sjø- og avsportaktivitetar. Her er meir enn 50 postar ıkludert eit sosialt program som kan tilfredstille ei aller fleste. God mat og underhalding er også el av opplevingane under Havsportveka. Sjå heile rogrammet på www.havsportveka.no

**KulTURpadling** -med kajakk mellom øyar og holmar i Austrheimskjærgarden
Baløy søndag 16. august kl.11.00

Guida kajakktur. Ta med eigen kajakk. Turen går mellom holmar og skjær i øyriket Austrheim og er ein del av programmet i Havsportveka i Austrheim 12. - 16. August. Turen vil verta lagt litt opp etter værforhold. Det vert råd å kjøpe mat på Rongevær Kurs- og Fritidssenter.

Påmelding post@havsportveka.no
Pris: 50,- for medlemmer i DNT og kr. 100,- for andre. Tlf: 90090694 eller 41662610. Arr. Nordhordland turlag

**Tur i fiskarbonden sitt rike - Krossøy**
**Laurdag 29. august kl 14.00**
Oppmøte på snuplassen på Krossøy. Guida tur i vakkert øylandskap, freda naustmiljø, gardsmusum m.m. Turen passar for alle og vi vandrar i lett terreng og vert kjend med fiskarbonden sitt liv på Krossøy.

# Fitjar

## Fitjar -det nære øyriket

Fitjar er kjend som sogebygda i Sunnhordland. I dag er Fitjar ein livskraftig kommune i vekst, med høge fjell og ein fantastisk skjergard - her er like mange øyar som det er dagar i året. I Fitjar sentrum som har eit godt utbygd nærings-, kultur- og servicetilbod. Tilrettelagde industri-, nærings- og bustadareal står klart for å ta imot nye Fitjarbuarar.

Reiseliv sjå www.visitsunnhordland.no



# Program

**Segl Vestlandet med Seladon**
**SEGLING OG FJELLTOPPTUR**
**10. til 15. august.**
Kystidyll, aktiv seglas og glade dagar i godt fellesskap. Me seglar i dei vakre Sunnhordlandsfjordane, oppsøkjer kulturstader og går til fjells.
Ta kontakt å få meir info.
Påmelding til; einar@smedholmen.com
tlf 90894857 www.smedholmen.com

**Fiskefestival**
**15. august**
"Fitjar framøve" arrangerar fiskefestival i Fitjar.

**Håkonarseilasen**
**22. og 23. august**
Start lørdag 22. august kl. 12.00, Skippermøte kl.11.00.
Håkonarseilasen er ein seilas i to delar der del ein går laurdag frå Leirvik til Fitjar, og del 2 går søndag frå Fitjar til Leirvik.
www.stordseilforening.no

**"Vi skal ikkje sova bort sumarnatta"**
**Fitjar folkebibliotek,**
**Torsdag 10. september kl 11.00**
Linda Fosse, songar og skodespelar viser ei poesiframsyning om livet og diktninga til Aslaug Låstad Lygre.
www.lindafosse.com

# Meland



### Meland - Eit samfunn for alle

Meland kommune med kring 6000 innbyggjarar. Nordhordlandsbrua har gjort øykommunen Meland landfast med Bergen. Ein tur over frodige Holsnøy, den største øya i kommunen, viser eit innhaldsrikt kulturlandskap med mange spor etter historia; steinhus, bakkemurar, sjøbruksmiljø og setegardar for kondisjonerte byborgarar. Meland Golf og Naturpark gjev med sitt område på 900 mål rekreasjon og naturopplevingar både for golfarar og andre.

Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no

## Program

**Herdladagen - Søndag 23. august**
Denne dagen prøver vi å gjenskapa Herdla si gamle rolle som møtestad for folk frå både Meland, Øygarden og Askøy. Båtrute med M/S Vestgar frå Meland og Øygarden til Herdla. Sjå program under Askøy

**Kystsogedagane i Meland - Laurdag 29. august**
**11.00** Offisiell opning av Kystsogedagane i Meland v/ Ordfører Nils Marton Aadland.
**11.00 - 16.00** Marknad på Holmeknappen.
Sal / utstilling av mange kunst- og handtverks-produkt. Demonstrasjon av handtverk og utstilling av gamle kjørety og tradisjonsbåter. Aktiviteter for barn og unge. Sal av tradisjonsmat, grønt og småskalaprodukt. Open kafé og underhaldning heile dagen. D/S Oster ligg ved kai, open for omvisning. Holmestova: Utstilling av oldfunn og salgsutstilling v/Truls Korneliussen Sjøbua: Utstilling av tauverk. Galleri "Rustica": "Eventyrlege vesen fra Kong Neptun's rike" v/Marianne Lien

**Båtrute - M/S Granvin kjem frå Bergen/Askøy**
Avg. Bergen kl 10.00, Ask, Hanevik, til Holmeknappen kl 12.00. Retur fra Holmeknappen kl 15.00. D/S Oster går båtrute i Herdlafjorden
18.00 - 23.00 D/S Oster går tur fra Holmeknappen til 14 gamle stoppestader i Herdlafjorden etter ei båtrute fra 1934. Musikk, rekebuffet og servering om bord. Billetter tlf 97686875.

**Kystsogedagane i Meland - Sundag 30. august**
**09.00 - 10.30** Frokost i kafe teltet. 10.45 M/S Vestgard kjem fra Øygarden. Open for omvisning. 11.00 Friluftsgudstjeneste på Holmeknappen kai. Utdeling av Meland Kommune si kultur-rose.

**12.15 Konsert v/Rita Eriksen m/trio.**
**12.00 - 16.00 Marknad og underhaldning på Holmeknappen.** D/S Oster og M/S Vestgar ligg til kai opne for omvisning.

**Rita Eriksen m/trio Nordhordland Folkehøgskule kl 18.30**
Konsertforestilling i Storstova på Nordhordland Folkehøgskule Rita Eriksen m/Trio. "Oppvarming" med Rossland Skulekorps med "Commitments".
Meir detaljert program i august.
Arr: Arbeidsgruppa for kystsogedagane i Meland.



# Masfjorden

**Masfjordnaturen er vekslande.**
Frå dei nakne skjera utmed Fensfjorden til det sundrivne fjellandskapet tusen meter over havet. Er du båtmenneske, kan du vera for deg sjølv i et avgøymt sund. Fjellturisten skal gå lenge i Stordalsområdet før han går lei. Vasskrafta er berebjelken i heile Masfjordsamfunnet og er saman med og havbruk den viktigaste næringsveg. Det bur om lag 1650 menneske i kommunen.

Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no



## Program

**Utstillinga "Tråd i Tonar" i Kvamsdals fargeri, Sandnes i Masfjorden**
**Søndag 16. august**
Kl. 1600 Tekstilkunstnaren Åse Eriksen fortel om utstillinga Tråd i tonar som står i Kvamsdals fargeri. Utstillinga opnar søndag 2. august og står fram til 23. august.
**kl 1800 Konsert: Margits songar - Maria Misgjeld, Olle Lindvall & Olof Misgeld**
Opningstider Kvamsdals fargeri og Nothuset på Sandnes sommaren 2009: Frå 21. juni til 23. august: Fredag til sundag kl. 13-17. Guida omvisningar. For informasjon om musea: www.masfjorden.kommune.no/kommunen/
Tel 56 16 62 00
Omvising i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling, Nothuset på Sandnes
**Sundag 16. august**
Kl 1700 Arne Høyland har omvising i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling som består av tradisjonelle bruksbåtar og sjøbruksreiskapar frå heile kommunen. Utstillinga i nothuset på Sandnes presenterer eit breitt og spanande utval over båtar og reiskapar som er brukte og / eller bygde her. Nothuset på Sandnes er bygd kring 1880.

**Kraftspela 2009 - laurdag 15. august**
Opning av klubbhuset/garderobebygget på sentralidrettsanlegget på Hosteland .
Fotballturneringar.
**Søndag 16. august**
"Sleirsfjellet opp" Motbakkeløp på Sleire
**Laurdag 22. august**
Marknads- og aktivitetsdag på Matre. Konsert med Hellbillies om kvelden. Dans etter konserten.
**Søndag 23. august**
Friluftsdag i Markhusdalen på Sleire
Bjørn West-marsjen – Minnemarsj i Matrefjella. Første pulje startar kl 07.00 frå Matre. Minikonsert og friluftsgudsteneste i Stordalen ved innkomst kl 14.30

# Os



**Os – Os inspirerar**

**Det ligg ei bygd mellom fjordar og fjell...**

Os ligg ved Bjørnefjorden, der kyst- og fjordlandskapet møtest. Os kommune er næraste granne til Bergen, og her bur det nær 16 500 menneske. Osøyro er strandstaden som har vakse til ein moderne bygdeby. Os kommune har ein båt under ei stor rose og ni stjerner i kommunemerket. Det symboliserar dei to handverka bygda er mest kjend for, rosemåling og båtbygging.

Reiseliv sjå www.visitos.no

## Program

**Opning av Kystsogevekene i Os**
**Laurdag 15. august**

Fiskekonkurranse, utstillingsopning, båtliv og aktivitetar i Søre Øyane.
**Kl 11.00** Opning ved ordførar Terje Søviknes
**Kl 11.30-15.00** Utstilling "Øyane før og no"
**Kl 11.30-14.00** Open båt på Hargun ligg på Sundøya
**Kl 12.00-16.00** Utstilling på Vedholmen Galleri, Sundøya www.vedholmen-galleri.com
**Kl 12.30-14.30** Fiskekonkurranse ved Os Småfiskarlag
**Kl 12.45-14.30** Oselvar-kappsegling på kjerringahavet ved Milde Båtlag og Oselvarklubben
**Kl 15.00** Premieutdeling og avslutning

**Oselvarfestival og Bondens dag - 29. august**

Kapproing og aktivitetar i og ved Oselvo i den årlege Oselvarfestivalen, og Bondens dag med marknad, torghandel, aktivitetar og underhalding på Kyrkjeflaten.
Bondens dag på Kyrkjeflaten www.ossentrum.no
Oselvarfestival på Oselvo www.oselvarlaget.no

**Kl 10.00** Gratis Frukost på Osøyro
**Kl 10.00** Utstillingar og ymse aktivitetar på Kyrkjeflaten
**Kl 11.00-14.00** Ope hus på Oselvarverkstaden
**Kl 11.30** Defilering med oselvarar på Oselvo
**Kl 12.00** Os Mannskor ved Oselvarnaustet
**Kl 12.30** Kapproing Oselvarar
**Kl 12.30** Os Durspelsamskipnad spelar i Oselvarnaustet. Sal av kaffi og vaflar.

**Kulturminnedagen - Sundag 13. september**

"Vatn og dagleglivets kulturminne" Ei historisk vandring gjennom Osøyro
**Kl 12.00** Oppmøte ved Oselvarverkstaden

Post 1 Os Stasjon
Post 2 Fjellheim
Post 3 Bahusfabrikken
Post 4 Ungdomsskulen
Post 5 Bryggje ved Prestenaustet
Post 6 Oselvarnaustet

# Stord





**Stord**

Stord er einaste byen i Sunnhordland og senter for regionen. Her er knutepunkt for kommunikasjonane innan og til og frå Sunnhordland. Ved sida av landbrukstradisjonane har Stord utvikla seg til å bli Noregs største industrikommune med 5000 tilsette i offshorerelatert industri, skulesenter og eit breitt spekter av serviceverksemder. Kvar du enn er i kommunen har du stranda og høgfjellet innan kort avstand.

# Program

**Vervadagen**
**Laurdag 29. august og søndag 30.august**

Sagvågen Kystlag arrangerar Vervadagen på Jensaneset. Me starter kl. 1000 laurdag med aktiviteter på verven, det skal vere aktivitet i smia med div. smiarbeid, på verven vert det handverkerar som syner rep.av trebåtar og anna handverk som vart utført tidligare på verven.
Prosjektet Bygg ein båt v/ Bjørn Arve Lunde er der, saging av tømmer på oppgangsag - stiming av hudplank - koking av bek. Båter med kaien (fine gamle skøyter og fritidsbåter i tre) Butikken frå 1947 er open for omvising og kanskje litt salg.
Salg av kaker og kaffi og brus god varm fiskesuppe.
Salg av husflid og lopper
Musikk med torader og sagvåg musikklag

**Søndag 30 august**

Vervadagen friluftsgudsteneste og kyrkjekaffi.
Presten vert rodd til den tradisjonsrike friluftsgudstjeneste på verven med avslutting og kyrkjekaffi.

**Håkonarseilasen**
**22. og 23. august**

Start lørdag 22. august kl. 12.00, Skippermøte kl.11.00.
Håkonarseilasen er ein seilas i to delar der del ein går laurdag frå Leirvik til Fitjar, og del 2 går søndag frå Fitjar til Leirvik.
Stord Seilforening står som arrangør for denne seilasen som er ein av dei mest tradisjonsrike seilasane i Stord Seilforenings historie. For båtar med gyldig LYS-bevis og turklasse. Middag på Fitjar Fjordhotel om kvelden, og overrekking av Fitjar Fjordhotel's pokal for beste båt til Fitjar.

**Open dag ved Sunnhordlandstunet**
**laurdag 5. september**

Sunnhordland museum arrangerar open dag medaktivitetar som handverk, baking og pilebinding.
www.sunnhordland.museum.no

# Sund



## Sund - Livet ved havet

Verdikommunen Sund ligg sør på Sotra og har ein praktfull natur mot kysten og havet. Lokale natur- og kulturopplevingar og kulturhistoriske verdiar er fokus for Sund kommune. Det vert elles lagt vekt på trygge bumiljø og gode oppvekstvilkår. Sund satsar på levande nærmiljø med god livskvalitet for dei om lag 5800 innbyggjarane. Kommunen er og aktiv med i samarbeidsprosjekt i regionen og i internasjonalt kulturarbeid.

Reiseliv sjå www.visithordaland.no

# Program

**Kvalfestival - 23. august**
Skogsvåg Ungdomslag vil for tredje gong arrangere Kvalfestival i Kvalvågen i Skogsvåg.

**Periferifestivalen - 28. og 29. august**
Periferifestivalen er ein festival for deg som vil oppleva god musikk i eit unikt festivalmiljø - der havsus møter populærmusikk. 28. august er Trekkspelet sin dag på Periferifestivalen, då kjem mellom anna Odd Nordstoga, Katzenjammer og Oddvar Torsheim. Sjå heile programmet på www.periferifestivalen.no

**Laurdag 29. august**
Til Periferifestivalen kjem også The Real Ones, Big Bang, The September When og mange andre. Årest festivaldiktar er Frode Grytten, medan tingingsverket er ved Dupemann, Jørgen Træen.

**Kyststemne i Trellevik - Søndag 30. august kl 11.00**
Folkeakademiet Sund arrangerar kystkulturstemne i Trellevik. Start med gudsteneste, og sidan går det slag i slag med vandring/båttur i øyriket, jollesigling, kano- og kajakkpadling, Elias frå Redningsselskapet, Oselvarregatta. Underhaldning i naustet med premieutdeling. Kafe i skjenkestova.

**Tur i Nordsjøløypa - Søndag 30. august**
Frå Glesvær til Telavåg med naturlos. Oppmøtestad: Handelstaden Glesvær kl. 11.00. Turavgift.

**Nordsjøløypedagen 6. september**
Tur i Nordsjøløypa frå Telavåg og frå Fjell til Kjereidet med naturlos. Dei to gruppene møtes i Kjerdeidet. Oppmøte på idrettsplassen i Telavåg kl 11.30, Oppmøte ved Kallestad grendahus kl 13.00. Dei to gruppene møtes på Kjereidet. Det er òg mogeleg med båtskyss frå Kallestad.
Notkast i Kjereidet - programstart kl 14.00. Perler i Nordsjøløypa arrangerer notkast etter makrell frå robåt etter gamalt mønster i kastevågen ved Kjereidet. Mønstring av gamle trebåtar, underhaldning, grilling og lett servering.Arrangementet er eit samarbeid mellom Fjell og Sund.

**Selstøbuene - frå notbu til hytteparadis**
**Søndag 13. september kl. 12.00**
Perler i Nordsjøløypa og Nordsjøløypegruppa *Ut mot havet* markerer Kulturminnedagen 2009. Oppmøtestad: Nordsjøfartmuseet.

# Sveio

### Sveio – midt i leio

Halvøya Sveio, lengst sør i Hordaland, ligg langs hovudferdselsårene på sjø og på land. Folket i Sveio har hatt sjøen både som matfat og arbeidsplass. Her bur kring 4926 menneske. Det er rikt fiske i sjø og på land, og her er mange fine turstiar. På Ryvarden kulturfyr kan ein oppleve og kjøpe kunst. Haugaland Golfbane gjev ein flott natur- og golfoppleving.

Reiseliv sjå www.visitsunnhordland.no



## Program

**Fyrjazz på Ryvarden - 16. august kl 13.00**
I samband med årets Sildajazz vert det arrangert konsert på Ryvarden kulturfyr. Arr. Sildajazzen. www.ryvarden.no

**Heimalanne' i Sjøhuset i Buavåg**
**Laurdag 29. august kl 19.30**
Jordnær kvalitetsmusikk fra vestlandets råeste besetning. Dette er musikere som har vært ute både en sommernatt og en vinterkveld, som vet å levere trøkk og nærhet i musikken, lune tekster og lure smil. www.heimalanne.no
Servering av rømmegraut og spekemat etterpå. Påmelding innan 27. aug. tlf 53 74 17 03 / 53 74 18 85 / 53 74 18 44. Sveio Gullforening er arrangør.

**Rutebåtar i Sveio**
**Sundag 30. august**
Sveio gullforening arrangerer temadag i Buavåg om rutebåtar i Sveio.
kl 10.30 Tur med ferja frå Buavåg. Det blir underhaldning med musikk og kåseri om bord
Kl 11.30 Gudsteneste på Sjøhuset i Buavåg v/Herman Inge Aadland. Arr. Kyrkja/Sveio gullforening
Kl 14.00 Kåseri
Det blir ulike salsutstillingar, servering av hjortegryte, kaffi og kaker.

**Landbrukets dag i Sveio sentrum**
**Laurdag 5. september**
Landbrukets dag er marknads- og kulturdag for landbruket med fokus på lokal matproduksjon. Sal av mat, kulturhistorisk foredrag, politisk debatt. Arr. Sveio kommune, landbruksorganisasjonane.

**Tittelsnes fort under okkupasjonen**
**Søndag 6. september kl. 12.00**
Sveio kystlag arrangerar temadag . kl 12.00 Foredrag på Tittelsnes bedehus. Kaffi. Etter foredraget blir det omvisning på fortet. Sal av grilla kvalkjøt o.a.

**Utstillingsopning på Ryvarden kulturfyr**
**Søndag 6. september kl 13.00**
Opning av ny utstilling med tresnitt av Olga Grimsmo Nilsen. www.ryvarden.no

**Kulturdag på Valevåg ferjekai**
**13. september**
Markering av kulturminnedagen. Arr. Valestrand natur- og kulturminnelag / Kulturminneåret i Sveio

# Askøy



**Askøy**

Askøy er den folkerikaste landkommunen i Hordaland med 23700 innbyggjarar i 2008. Nærleiken til Bergen og mykje tilflytting har ført til at øya i dag har ei blanding av moderne bypreg og samstundes levande kystkultur. Organisasjonslivet innanfor kultur og idrett er sterkt. Askøy har servicetilbod med rikt utvalg av varar, tenester og opplevingar. Her finns flere gjestehavner, men også fredlige naturhamnar.

Reiseliv sjå www.visitaskoy.no

## Program

**Askøy Rundt Sprek & Blid**
**15. august kl 1100 - 16. august kl 1800**
Askøy Seilforening arrangerar den årlege regattaen Askøy rundt i Byfjorden/Hjeltefjorden. www.askoy.seilforening.no

**Hordakyststevne under Strusshamnsdagene**
**21. - 23. august**
Kystkultur og seilas med tradisjonsbåter. Sang, dans, diktlesning, skuespill, foredrag, kunst, brukskunst, museum, film, interiør, god mat og drikke, leker, Bergensekspressen, sjørøvere...
**Fredag 21. august**
Fredag kveld: Uformell hygge, uteservering sang, dans og mat på Holmen. 2000: Konsert i Strusshamn kirke med Marianne Juvik Sæbø, Giske Bratli, Line og Lin, Endre Dåvøy, Veteranguttekorpset i Strusshamn, mannskoret Ljom
**Laurdag 22. august**
0900 Morgenkulturstemning med frokost
1000-1500 Martin Harr Galleri, Havna interiør, "Brukskunst i Det røde huset"
1100 Skippermøte. Fjordturer med Sognejekta, Eliasbåter, Kormix i Havna, Aktiviteter v/Strusshamn senter, Askøy museumslag, Askøy husflidlag, Bryggedagsdans og Sang av Hanne og Åse
1330 ASKØY "KULTURØYA 2009 1330: Skuespill: Utdrag fra Hans Nilsen Hauge.
1400-1700 Kappseglas, (følg seglasen fra Saltnesvåg), Film i Møllesalen. Ånden i Fillehaugen (Skuespillforedrag)
1800 Premieutdeling
1900 - 0130 STORløgdagsDANS med middag. DISSE AKTØRENE deltar utover kvelden: Father of a Thousand Kids, Bandmix/Kormix, Bandmix, Page One. Søndag kl. 0200 Avslutning
**Søndag 23. august**
kl 0900-1100: Morgenkulturstemning med frokost og høve til å reise til Herdladagen

**Herdladagen**
**Søndag 23. august**
Denne dagen prøver vi å gjenskapa Herdla si gamle rolle som møtestad for folk frå både Meland, Øygarden og Askøy. Båtrute med M/S Vestgar frå Meland og Øygarden til Herdla. (Rutetider kjem) kl 12.00 gudsteneste i Herdla kyrkje med Øygardskoret
Frå kl. 13.30 Underhaldning og marknad i Herdlevågen. Musikkinnslag v. Johan Toska. Sal av lokale produkt. Eliasbåtane. Rokonkurranse. Matservering.
Kl. 15.00 Førestillinga «Audslegt rop mot bratt fjell» vert vist på Herdla museum. Vigleik Dyrøy og gruppa Demring vil framføra songar av Olav Lavik
Guida turar: Det tyske jagarflyet. Det freda torpedobatteriet. Fuglereservatet
Arr.: Herdla sokneråd og Herdla museum

# Austevoll

**Austevoll**

Austevoll er ein av dei største fiskerikommunane i Noreg. Det er kring 4400 innbyggjarar fordelte på 12 busette øyer. Austevoll er knytt i saman av ei mengd bruer. Kommunesenteret ligg på Storebø. Austevoll er den største oppdrettskommunen i landet. Næringa gjev fleire hundre arbeidsplassar innan oppdrett, foredling, transport, produksjon av utstyr og forsking.

Reiseliv sjå www.visitaustevoll.no



## Program

**Kystsogedagen i Kvalvåg**
**2. august**

Tradisjonen tru skipar Venner av Kvalvåg til Kystsogedag i Kvalvåg på Stolmen helga før Kystsogevekene offisielt startar.
kl. 11.00 Gudstjeneste i Stolmen Kirke.
kl. 12.00 Aktiviteter for barn og familie !
Elias båtene. Røde Kors. Marknad - brukskunst - Maleri utstillere. "Loppemarked i Trelasten"
Kl. 13.00 Temar for i år er KLIMA og grunnleggjar og direktør for Nansensenteret, professor Ola M. Johannessen held føredrag. Ca. kl. 17.00 slutt.

**Kystsogehelg i Bekkjarvik**
**Fredag 21. august**

Nattope på Bekkjarvik Torg fredag 21.august. Bekkjarvik Gjestgiveri held ope heile helga

**Kystsogehelg i Bekkjarvik**
**Laurdag 22. august**

kl. 1000 Torgdag på kaien
kl. 1200 Offisiell opning på Skjeret v/direktør i Norges Sildesalgslag
Johannes Nakken. Folkeliv og musikk. Kulinariske godbitar frå kysten
kl. 1500 Rokonkurranse, "Edel kappestrid mellom øyane"
kl. 2000 Stemningsfull aften med Halfdan Sivertsen i "Hengjo"

**Kystsogehelg i Bekkjarvik**
**Sundag 23. august**

Kl. 1200 Utegudsteneste på Skjeret

**Kl. 15.30 Havkonsert og opningsarrangement**
på Marsteinen fyr.

# Fedje

**Fedje - landsbyen i havet**

Fedje kommune ligg lengst nordvest i Hordaland, og er den vestlegaste kommunen i Noreg. Kommunen består av hovudøya Fedje og 125 mindre øyar, holmar og skjer. Folketalet er kring 600. Storm, sjøgang og strie regnelingar er opplevingar for folk som kjem hit. Når vinden tagnar og sola skin, ligg Fedje der med alle sine holmar og skjer bada i det store lyset.

Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no







# Program

**Torgdagen på Fedje**
**22. august kl 11.00 - 15.00**
Det vert marknad og aktivitetar i og kring Fleirbrukshallen. Salg fra boder.

**Tema: U864** kl 12.00
Foredrag av krigsminneskspert Dag Bjørnar Mjelde i det sosiale rom i Fleirbrukshallen

**Åpen trafikksentral**
**kl 13.00 - 15.00**
Frå Fedje sin høgaste topp vert all skipstrafikk langs vstlandskysten overvåka.



**Heimalanne'**
Konsert med Heimalanne' i Fleirbrukshallen kl. 18.30. Jordnær kvalitetsmusikk fra vestlandets råeste besetning. Når folk går hjem fra en konsert med Heimalanne', har de kost seg! Dette er musikere som har vært ute både en sommernatt og en vinterkveld, som vet å levere trøkk og nærhet i musikken, lune tekster og lure smil. www.heimalanne.no

**Friluftsgudsteneste i Fyrsundet**
**Søndag 23. august**
Friluftsgudstjenesta vert ved Magne Bjørndal

# Fjell

**Fjell**

Fjell kommune ligg på Sotra vest for Bergen, og aust for storhavet. Folketalet er kring 21 200. Kommunen er eit moderne samfunn med gode kommunikasjonar og eit rikt tenestetilbod. Overalt har du lett tilgong til rike natur- og kulturopplevingar, som fiske, bading og sjøsport. Steingardar og heimebøar, naust og bryggjer, trebåtar og nothengjer er storslåtte minne over ein smålåten kultur.

Reiseliv sjå www.visithordaland.no






## Program

**Vestkystfestivalen: Lill Lindfors på Fjell festning**
**13. august kl. 20.30**
Utekonsert på Fjell festning Lill Lindfors m/ band Billettpris: På førehandssal: Kr. 350,-. Ved inngang: Kr. 400,-. Parkering ved Tellnes Næringspark - gratis skyttelbussar frå kl. 18.30 NB! Ved mykje regn og vind vert konserten flytta til Foldnes kyrkje. Infotelefon: 90862610

**Langøymarknaden**
**22. og 23. august kl 12.00 - 18.00**
Langøy Kystkultursenter arrangerer den tradisjonsrike Langøymarknaden. Ordførar Lars Lie står for opninga. Det vert salsboder, musikk, aktivitetar, båtar og skillingsbollar! www.langoykystkultursenter.no

**Langøy Kystkultursenter - 6. september**
Langøy Kystkultursenter har sesongavslutning for kafeen. Det vert siste høve for skillingsbollar i år!

**Nordsjøløypedagen 6. september**
Vandring i Nordsjøløypa. Tur i Nordsjøløypa frå Telavåg og frå Fjell til Kjereidet med naturlos. Oppmøte på idrettsplassen i Telavåg kl 11.30, Oppmøte ved Kallestad grendahus kl 13.00. Dei to gruppene møtes på Kjereidet. Båtskyss frå Kallestad.
Notkast i Kjereidet - programstart kl 14.00. Perler i Nordsjøløypa arrangerer notkast etter makrell frå robåt etter gamalt mønster i kastevågen ved Kjereidet. Gamle trebåtar, underhaldning, grilling og lett servering. Arr. Fjell og Sund.

**Kulturminnedag i Fjell - 13. september**
kl 12.00-18.00 Nordvik og Ulveseth
Fjell Kulturminnelag inviterer til Kulturminnedag med bla. ope dag på Nordvikkverna og Ulveseth-smia. Her vert det høve til å både mala korn og smi jarn denne dagen. Det vert truleg og ein kulturminneløype som følgjer Fjellspollen. For utvida program sjå www.fjellkulturminnelag.org

# Bergen



**Bergen**

Tørrfisken var basisen for handelen og byen Bergen sin framvekst. Frå midten av 1800-tallet var tørrfiskhandelen framleis ein viktig del av det økonomiske fundamentet, og flamleis kom jekter stevnande inn Vågen, men dampskip tok etter kvart over. Bergen er famleis ein viktig hamneby i Noreg, med cruiseskip, lasteskip og som hamn for fiskeflåta ved dårleg ver.

Reiseliv sjå www.visitbergen.com

## Program

**Samferdsledag - 30. august**

Historieverkstaden i Hordamuseet/Bymuseet i Bergen arrangerar Samferdsledag på Hordamuseet på Stend. Det vert mellom anna roregatta i Fanafjorden.
www.bymuseet.no

**Sandviksdagene - 5. - 6. september**

Aktivitetar ved Kystkultursenterert i regi av Bergen Kystlag. Det vert regatta, roturar og motorbåtturar på fjorden. Filmframsyning, modellbåter og motorvising. Aktivitetar for born, som barkebåtlaging og Redningsselskapet sin Eliasbåt. Desstuan vil det foregå aktivitetar på Hellen, i Gamle Bergen og langs Den Trondhjemske postvei. Meir detaljert program kjem seinare.
www.bergenkystlag.no

**www.kystsogevekene.no**

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...

# Øygarden

## Øygarden

Ei rekkje øyar, holmar og skjer utgjer Øygarden; heile 500 ved fjære sjø. I dag bur det kring 4 150 menneske her. Dei viktigaste næringsvegane er knytte til sjøen. Kommunen er leiane innan havbruk og fiskeoppdrett. Frå sjøen kjem også olje og gass til industrianlegg som gjev kommunen stor utvikling og viktige arbeidsplassar. Regionen har og gode vilkår for friluftsliv, fiske og sjøsport.

Reiseliv sjå www.oygarden.kommune.no/sommar09



# Program

**Vestkystfestivalen: Dance With A Stranger på Kystmuseet**
**Laurdag 22. august kl. 19.30**
